

Dalen i Sentrum

Organ for eit balansert dalføre – nr. 06 oktober 2010



Velledalen - der folk trivst, er alt muleg

Skulemat – torsdagskafe. Frå og med torsdag den 4. november starter vi oppatt med skulemat ved Velledalen skule. Frå same dag vert det torsdagskafe med høve til å kjøpe middag for den som ynskjer det. Resultatet etter prøveperioden i vår vart bra. Vi håper at mange vil bruke kafeen også i haust og vinter. På menyen torsdag står fårrikål.

Montessoriskulen. Styret i privatskulen arbeider vidare med skulesaka. Det er lyst ut stipend for dei som vil ta montessoriutdanning. Skulestyret har og hatt ein del kontakt med undervisningsdirektoratet. Etter det DiS forstår så har alle god tru på at det framleis blir skule i Velledalen. Kommunestyret har bestemt at skulen i Velledalen ikkje skal leggest ned før i 2012. Innan den tid så skal Tandstad skule rustast opp for ca 20 mill.

Jokerbutikken har hatt god utvikling siste tida og vi ligg framom fjoråret både i omsetning og i resultat. Takk til alle som bruker butikken!

Sageveka gav godt resultat. Mykje skog vart saga og det lysna godt mange stader i dalen. Godt jobba, og hald gjerne fram med saginga utover vintern.

Symjehallen har hatt ein fin start på sesongen. Frammøtet er bra, og fleire har også leigt bassenget utanom dei faste opningstidene. Det ser no ut som at økonomien er så bra at vi kan ha vatn i bassenget i fleire månader. Opningstidene er mandag 18.00-20.00, onsdag 18.00- 20.00 , laurdag babybading 13.00 14.00, familiebadning 14.00-18.00 og søndag kl.15.00 18.00.

Bygdemobiliseringsprosjektet har hatt lang pause i den felles møteaktiviteten. Det betyr ikkje at det er stillstand. Både arbeidsgrupper og styret har arbeidd med aktuelle saker. Vi startar med nytt fellesmøte onsdag 3. November kl 2000. Der vil vi ta ein gjennomgang av kvar vi står, og vi vil og legge planer for vinteren. Det er viktig at mange møter opp for dette arbeidet har inga nytte om det vert slik at berre eit fåtal er med. Hittil har det vore godt frammøte og alt har tegna godt.

Som meldt i siste DiS så arbeider **Brødrene Aursnes** med prosjektering av bustader i Tregardane. Prospekta er straks klare og vil bli lagt ut med det fyrste.

Arbeidet med tomannsboligen held fram. ViB vil gjerne ha kontakt med aktuelle leigetakarar.

Skulen innbyr til songkafe fredag 5. november. Dette har vorte ein tradisjon, og elevane og lærarane håper mange tek seg ein tur på grendehuset denne dagen. Det vert underholdning av elevane, allsang og sal av kaffi og kaker.

Dugnadsfest. Laurdag 6. november kl 2000 vert det dugnadsfest på grendahuset. Det er Lag på Lag og ViB som på denne måten vil takke alle i nedslagsområdet for god innsats på mange frontar. Det vert middag og dans, og festen er gratis. Det går rykter om eit programinnslag også. Festen er lukka, det vil sei at alle må melde seg på. Kjenner du på deg at du har gjort noko for fellesskapet, same kva det er, så nøl ikkje - meld deg på. Desse tek imot påmelding: Kristin, tlf 91522451, Ingunn, tlf 92605262 og Petter, tlf 92888564. Sjå elles plakat på Joker, omtale på www.velledalen.net og Sykkylvsbladet av 27.d.m.

12.november vert det taco-kveld for tillitsvalde i VRF på Straumen Kro.

Velledalen UL har årsmøte torsdag 14. nov kl 2000 på grendahuset.

Den tradisjonsrike førjulsmessa som VRF/VIL arr vert 20. og 21. nov. Det er fleire nye utstillarar i år.

Velledalen Grendahus har halvårsmøte den 10. november.

Sogelagsmøta vert haldne siste tirsdag i månaden. Neste møte er 30. november.

Lag på Lag har stadige oppdrag. Siste var vakthald på oktoberfestivalen ved Verkstaden på Ikornnes. Styret takker vaktene som stiller velvillig opp når det trengs.

This document was created with Win2PDF available at <http://www.win2pdf.com>.
The unregistered version of Win2PDF is for evaluation or non-commercial use only.
This page will not be added after purchasing Win2PDF.